



Arkivnr: 2015/8565-4
Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		10.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

Oppmoding om uttale - søknad om godkjenning etter friskulelova - Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen AS

Samandrag

Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen AS søker om godkjenning etter friskulelova. Det kjem fram av søknaden at skulen ligg i Hordaland/Bergen. Skulen søker godkjenning etter friskulelova § 2-1 bokstav h, vidaregåande opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Skulen har søkt om 150 elevplassar på bygg og anlegg frå hausten 2016.

Fristen for uttale er 27. november 2015.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning. Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Ei slik etablering vil ha negativ verknad på dei endringane som er gjort for å sikre robuste fagmiljø og vil gje fylkeskommunen ei utfordring i formidling til læreplassar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.10.2015

Bakgrunn for saka

Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen AS søker om godkjenning etter friskulelova. Skulen søker godkjenning etter friskulelova § 2-1 bokstav h, vidaregåande opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram. Regelen lyder:

§ 2-1. Godkjenning av skolar

Departementet kan godkjenne frittstående skolar og driftsendringar ved godkjende frittstående skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet, eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast. Vertskommunen eller vertsfylket skal få høve til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og dei kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.

Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:

- a) livssyn
- b) anerkjend pedagogisk retning
- c) internasjonalt
- d) særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett
- e) norsk grunnskoleopplæring i utlandet
- f) særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma
- g) vidaregåande opplæring i små og verneverdige handverksfag
- h) vidaregåande opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram
- i) særskilt profil

Søknaden

Skulen har søkt om totalt 150 elevplassar på utdanningsprogram for bygg og anlegg. Med inntil 6 klassar (90 elevar) på Vg1 Bygg- og anleggsteknikk (BABAT1) og inntil 4 klassar (60 elevar) på Vg2 Byggteknikk (BABYG2). Skuleåret 2016/2017 planlegg skulen å starte med å tilby 6 klassar på Vg1, mens skuleåret 2017/2018 vil dei og tilby Vg2. Skulen planlegg å starte hausten 2016 og har påbegynt arbeidet med å skaffe lokale. Skulen tek sikte på lokale sentralt i Bergen. Det blir vurdert samlokalisering med skuleeigar EBA Vestenfjelske. Skulen søker godkjenning etter friskulelova § 2-1 andre ledd bokstav h vidaregåande opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram. Dette er fyrste søknad om godkjenning på dette grunnlaget i Hordaland. Skulen skal følgje Kunnskapsløftet sine læreplanar fullt ut og reglane om individuell vurdering i kapittel 3 i forskrift til friskulelova. Skulen søker ikkje om dispensasjonar frå lova.

Uttalen

Skulen er planlagt å liggje i Bergen kommune i Hordaland fylke, og som vertsfylke er Hordaland invitert til å kome med uttale. Fristen for uttale er 27. november 2015. Fylkeskommunen står fritt til å gje ein uttale uavhengig av om fylket stiller seg nøytral, positiv eller negativ til søknaden. Om det ikkje kjem uttale, legg Utdanningsdirektoratet til grunn at det ikkje ligg føre konkrete innvendingar. Utdanningsdirektoratet vil mellom anna vektlegge desse momenta:

- Endring av skulestruktur og budsjettmessige konsekvensar
- Læreplassar
- Skulefaglege omsyn

Konsekvensar for offentleg skulestruktur

I søknaden står det at skulen er planlagt sentralt i Bergen kommune. Det offentlege tilbodet innan utdanningsprogram for bygg og anlegg er fordelt på 14 skular i fylket.

Skule	Elevlar Vg1 og Vg2 inneverande skuleår
Odda	15
Kvinnherad	24
Voss	45
Slåtthaug	89
Knarvik	60
Norheimsund	13
Laksevåg	71
Arna	41
Åsane	66
Austrheim	21
Askøy	44
Sotra	39
Os	98
Nordahl Grieg	1 (teiknspråk, tilbod gitt ved Slåtthaug)
Stord	41
Totalsum	668

I tillegg til elevane i ordinære klassar er det ein del elevlar som har tilrettelagt undervisning i HT-grupper som får tilbod innan bygg og anlegg. Dei er haldne utanfor denne oppstillinga. For å vurdere konsekvensane av ei mogleg godkjenning for den offentlege skulestrukturen må ein sjå på tilbodet i region Stor-Bergen. Stor-Bergen er Bergen, Askøy, Fjell, Sund, Øygarden, Os og Fusa, her representert ved skulane Slåtthaug, Knarvik, Laksevåg, Arna, Åsane, Askøy, Sotra og Os. Dei siste åra har det vore ein del endringar innanfor utdanningstilbodet for bygg og anlegg. I sak om justering av undervisningstilbodet etter prognoseinntaket for skuleåret 2014/15 var Vg1 bygg og anlegg lagt ned både ved Odda og Norheimsund vidaregåande skular. Dette tilbodet er i gang for inneverande skuleår, noko som viser korleis det svingar mellom elevkulla. Elevtalet 2015/16 er på same nivå som skuleåret 2013/14.

Ved vurdering av trong for auka elevplasstal på utdanningsprogram for bygg og anlegg i region Bergen sentrum er det naturleg å sjå på utviklinga i talet på 16-18-åringar i regionen samanlikna med elevplasstalet ved utdanningstilbodet det vert søkt om godkjenning for. I skulebruksplanen er utviklinga i elevtalet i regionen omtala slik:

«I region sentrum er elevtalet og talet 16-18-åringar venta å halde seg relativt stabilt i første del av planperioden. Frå omkring 2020 er elevtalet venta å auke frå omkring 3800 til i overkant av 4000 i 2025. I perioden frå 2025-2035 er elevtalet venta å auke opp mot 4700.»

Nye tal frå Statistisk Sentralbyrå viser at reisejusterte framskrivingar av elevtalet i fylket er lågare enn tidlegare forventa. Elevtalet er forventa å liggje på 3500 i 2025 og 3700 i 2035. Dette er 500 færre elevlar i 2025 og 1000 færre elevlar i 2035 enn det som ligg til grunn for skulebruksplanen.

Skulane i Hordaland har til saman 668 elevlar på bygg og anleggsfaga i inneverande skuleår, og det er klårt at ein auke på 150 elevplassar i ein friskule vil få store konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Tilbodet vil måtte leggjast ned ved fleire av dei offentlege skulane.

Læreplassar

Fylkeskommunen har ansvaret for formidling av læreplassar, og for sakshandsaminga i Utdanningsdirektoratet vil ei vurdering av utfordringa knytt til å skaffe nok læreplassar vere relevant.

Framtidig trong for lærlingar er vanskeleg å spå, og bygg- og anleggsbransjen er ein usikker bransje. For tida er det stort behov for fleire lærlingar, og det er ønskjeleg med fleire elevlar innan dette utdanningsprogrammet. Problemet er at det er liten søknad til utdanningsprogrammet. Kva innverknad ein eventuell ny friskule vil ha på søkartala, er uvisst. Kva konsekvensar ei ny friskule får for formidlinga, er avhengig av om det totale elevtalet aukar, eller om det heller vert ei forskyving av elevmassen frå dei offentlege skulane og den skulen som søker om å starte opp. Det som er sikkert, er at det er fylkeskommunen som har ansvaret

for formidling til lære, både for dei elevane som nærast skaffar seg lærekontrakt på eiga hand, og for dei som er vanskelegare å formidle. Dei som ofte står igjen utan læreplass, er dei med høgt fråvær og dei som av andre grunnar er vanskelege å formidle. Desse har rett til å fullføre utdanninga si, som i tilfelle kan føre til at fylkeskommunen må opprette Vg3 i skule for desse elevane.

Ei eventuell godkjenning må òg sjåast i samanheng med arbeidet som vert gjort med lærlingplan og lærlingprognose. Fylkestinget vedtok i møte 09.12.2014 at det skal utarbeidast ei kartlegging av trong for kompetanse og framtidig tilbod av læreplassar for å sikre tydelegare samanheng mellom skuletilbod og arbeidsliv. Dette arbeidet skal inn i *Regional plan for kompetanse* og føre til eit tillegg til skulebruksplanen for yrkesfagtilbod. Det vart orientert om framdrifta i saka i fylkestinget i juni 2015. I saka frå juni vert det opplyst at innanfor bygg og anlegg har det over tid vore for lite søkjarar i forhold til arbeidslivet sitt behov, og at underskotet på lærlingar i hovudsak handlar om at det ikkje er nok elevar som søker seg til utdanninga. I samband med denne saka vart det utarbeidd ein gjennomgang av utvalde yrkesområde for Stor-Bergen i 2013 og 2014. For faget byggteknikk var det 217 nye kontraktar i 2013, men det var berre 135 elevar i same år og det var berre 70 elevar i lære i faget hausten 2013. For 2014 er det ein viss nedgang, sjå tabellen, som ein og finn i saka på side 9.

Vg2	Nye kontraktar -13	Elevar -13	Elevar i lære hausten -13	Nye kontraktar -14	Elevar - 14	Elevar i lære hausten -14
Byggteknikk	217	135	70	208	109	60

Tabellen under viser intensjonsavtaler for 2015 og tal godkjende lærekontraktar også for 2015. Desse tala skil seg ikkje noko særleg frå tidlegare år, fylkeskommunen har i mange år hatt fleire intensjonsavtaler enn søkjarar til læreplass. Det vert også inngått ein relativt stor del kontraktar med personar utan ungdomsrett, noko som kan tyde på at det ikkje er nok ungdommar som ønskjer faga innan bygg og anleggsteknikk til å dekkje behovet for lærlingar som næringa har.

Kurs	Intensjonsavtale om læreplass	Inntatte lærlingar m/ungdomsrett	Totalt (inntatt med og uten ungdomsrett)	DIFFERANSE avtaler og lærlingar
Anleggsmaskinførerfaget	50	43	47	-3
Asfaltfaget	4	2	3	-1
Banemontørfaget	4	2	3	-1
Betongfaget	55	35	43	-12
Byggdrifterfaget	0	4	5	5
Feierfaget	4	0	0	-4
Fjell- og bergverksfaget	5	6	8	3
Glassfaget	4	2	2	-2
Industralerfaget	8	2	2	-6
Isolatørfaget	4	1	2	-2
Malerfaget	18	10	17	-1
Murerfaget	31	12	17	-14
Renholdsoperatørfaget	5	0	0	-5
Rørleggerfaget	83	39	65	-18
Stillasbyggerfaget	14	5	6	-8
Taktekkerfaget	3	1	1	-2
Trelastfaget	1	0	0	-1
Trevare- og bygginnredningsfaget	2	0	2	0
Tømrerfaget	216	117	180	-36

Vei- og anleggsfaget	3	2	3	0
Ventilasjons- og blikkenslagerfaget	18	11	19	1
Totalt	532	294	425	-107

Skulefaglege omsyn

Med skulefaglege omsyn er t.d. meint rasjonell skuledrift, der større einingar med betre høve til fagleg og pedagogisk utvikling skaper grunnlag for sterkare fagmiljø.

Utdanningstilbodet på bygg og anlegg er allereie i dag spreidd på mange skular, og tilboda ved dei einskilde skulane er små. Det er få skular som har to klassar på Vg1 og Vg2, dei fleste har ein klasse på kvart trinn. Fleire har òg berre ein klasse på eitt trinn. Dette fører allereie til små fagmiljø, som tidvis er utsette. Ei eventuell godkjenning vil truleg føre til at elevgrunnlaget for ein del av skulane som har bygg og anlegg vil falle bort, og at tilbodet må leggst ned. Dette vil vere uheldig for skulane og fagmiljøa. Vidare vil ei mogleg godkjenning gå ut over tilbodet innan vekslingsmodellen, som vi har i tømrarfaget. Her er det relativt få søkjarar allereie, tilbodet i 2014/15 hadde 10 elevar, og i inneverande skuleår starta dei opp med 15 elevar. Hordaland fylkeskommune ønskjer å utvide tilbodet om vekslingsmodell til fleire fag innan bygg og anlegg, mellom anna betongfaget. Dette er ikkje kome i gong enda grunna for få søkjarar. Ei ny friskule vil truleg ikkje kunne gje tilbod om vekslingsmodell, noko som kan føre til at tilbodet vert lagt ned. Dette vil vere særst uheldig.

Konklusjon

I Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune er det god dekning på utdanningsprogram for bygg og anlegg, og det er kapasitet til fleire elevar i den offentlege skulen. Det er derimot ikkje fleire søkjarar, og ein kan difor ikkje oppjustere tilbodet. Det er allereie gjort endringar i skulestrukturen for å sikre eit robust fagmiljø og stabilt utdanningstilbod. Ei godkjenning av ein auke i elevplassar i dette tilbodet vil gjere at effekten av dei allereie føretekte endringane vert svekka og vil medføre at det må gjerast nye endringar. Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Det vil gå ut over dei allereie føretekte endringane for å sikre robuste fagmiljø, og det vil gje fylkeskommunen ei utfordring i formidling til læreplassar. Fylkesrådmannen støttar ikkje søknaden om godkjenning.